



## **Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde**

### **Funksjon og ansvar for ressurssjukepleiar og nærmeste leiar**

Beskrivinga av funksjon byggjer på følgande dokument:

- Avtale om drift av nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde sitt føretaksområde
- Strategi for nettverket 2021 – 2024

#### **Formålet**

*Bidra til å heve kompetanse og betre samhandling på alle nivå i helse- og omsorgstenesta. Slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørande, opplever tryggheit og mottar gode og heilsakaplege helse- og omsorgstenester.*

#### **Krav til kvalifikasjon**

Sjukepleiar som er villig til å vidareutvikle sin fag- og samhandlingskompetanse, og som forpliktar seg til å vidareformidle kunnskap, ferdigheter og haldning til kollegaer og samarbeidspartnarar.

#### **Ressurssjukepleiar sitt ansvar og oppgåver**

##### **Faste oppgåver i nettverket**

- dersom ein er ny i funksjonen, delta ein gang på introduksjonskurs
- informere leiar i god tid om nettverksmøte og årleg fagdag
- delta på lokale nettverksmøte
- gi tilbakemelding til gruppeansvarleg dersom ein ikkje har høve til å delta på eit nettverksmøte
- delta på felles årleg fagdag
- forplikte seg til årleg møte med leiar for å utarbeide og sette i verk eigen arbeidsplan. Arbeidsplanen tar utgangspunkt i årsplanen for nettverket og behova på arbeidsstaden
- aktivt bidra med aktuelle tema og problemstillingar til nettverket
- dele nyhendebrev og referat frå samlingar i nettverket med leiar
- svare på årleg elektronisk rapport om funksjonen sin
- informere sin gruppeansvarleg/nettverksansvarleg/sekretær på KLB om evt. endringar som skal førast i Pallnet.no (t.d. vidareutdanning, ny leiar m.m.)
- melde frå til gruppeleiar/nettverksansvarleg ved permisjon og når funksjonen blir avslutta

##### **Klinisk arbeid – pasientnær funksjon**

- streve etter å ha oversikt over kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling i eigen sone/avdeling

- bruke verktøy og retningsliner som vert tilrådde i Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging og pleie av denne pasientgruppa
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging av pårørande
- undervise eller rettleie kollegaer i aktuelle pasient-/pårørandesituasjonar
- ta initiativ til utveksling av erfaring og refleksjon på eigen arbeidsstad
- ha rolla som koordinator for individuell plan der dette er naturleg

### **Samhandling og systemarbeid**

- i samarbeid med leiar, bidra til at aktuelle retningsliner og tilrådde verktøy blir tekne i bruk på eigen arbeidsstad
- bidra til god kontinuitet og tverrfagleg samhandling i pasientforløpa
- vere kontaktpunkt mellom nettverk og palliative tiltak i sitt område, t.d. sjukehuset sitt palliative team
- streve etter å ha oversikt over aktuelle tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling
- dele informasjon om aktuelle tilbod frå samarbeidspartar, som m.a. Kreftforeningen
- bidra til at pasientforløp vert brukt på arbeidsplassen

### **Kompetanseheving**

- aktivt arbeide med å heve eigen kompetanse i kreftomsorg og lindrande behandling, jf. Kompetanseplanen for nettverket
- i samarbeid med leiar, bidra med systematisk deling av kompetanse til kollegaer
- holde seg oppdatert på Kompetansesenteret i Lindrande behandling sine nettsider
- gjere seg kjent med ny og relevant forskingskunnskap

### **Leiar sitt ansvar og oppgåver**

- å gjere seg kjent med nettverksavtalen
- å ha årleg møte med ressurssjukepleiar for å planlegge og evaluere arbeidsplan
- å gi ressurssjukepleiar støtte, tid og ressursar til å utøve sin funksjon i medhald til avtalen for nettverket og denne beskrivinga av funksjonen
- å gi ressurssjukepleiar høve til å delta på lokale gruppemøte i nettverket og årleg fagdag
- legge til rette for at ressurssjukepleiar kan delta på aktuelle kurs/konferansar og i hospiteringsprogram